



JournalpostID: 25/12972  
Sakshandsamar: Magnhild  
Myklebust  
Dato: 20.11.2025

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 102/25  | Formannskapet | 04.12.2025 |

## Kommunedelplan for naturmangfald - godkjenning av prosjektmandat og planoppstart

### Vedlegg:

Prosjektmandat\_Kommuneplan for naturmangfald

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bremanger kommune startar planarbeid med kommunedelplan for naturmangfald i samsvar med planstrategien og plan- og bygningslova § 11-1.
2. Framlagt prosjektmandat for planarbeidet vert godkjent.

### Bakgrunn for saka:

I planstrategien til kommunen er det påpeika at kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen må oppdaterast og vidareutviklast for å kunne gje grunnlag for god arealbruk og berekraftig økologisk utvikling. Utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald er ei prioritert planoppgåve, med oppstart i 2026 og ferdigstilling i 2027.

### Formannskapet 04.12.2025:

### Handsaming:

Ordførar og Magnhild Myklebust orienterte i saka.

- Prosjektplan klar før 15. januar, det er frist for å søkje tilskot.
- Tilskot kommunen får til arbeidet avgjer kor omfattande dette blir
- Når det gjeld marine områder så avgjer ressursane om ein skal ta det med no. Ein bør sjå på taretrålig dersom marine områder er med.

### FSK- 102/25 Vedtak:

#### Samrøystes vedtak:

1. Bremanger kommune startar planarbeid med kommunedelplan for naturmangfald i samsvar med planstrategien og plan- og bygningslova § 11-1.
2. Framlagt prosjektmandat for planarbeidet vert godkjent.

**Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:**

Naturmangfaldlova


Plan- og bygningslova

Planstrategien for Bremanger kommune 2025-2028

**Saksopplysninger:**

Ein kommunedelplan for naturmangfald skal bidra til kunnskap og medvit om naturen og naturmangfaldet i kommunen. God kjennskap til naturverdiane er viktig m. a. som grunnlag for interesseavvegingar kommunen må gjere knytt til arealbruk. Planen skal også vise tiltak for å sikre at naturen blir forvalta på ein god måte og nyttast som kunnskapsgrunnlag for arealplanlegginga i kommunen.

Naturmangfald omfattar både geologisk mangfald, landskapsmangfald og biologisk mangfald. Det eksisterer i dag ein del kunnskap om naturtypar og biologisk mangfald i kommunen. I 2004 fekk kommunen utført ei kartlegging av biologisk mangfald i kommunen, Biologisk mangfald i Bremanger kommune (Miljøfaglig Utredning, rapport 2004:2). Etter dette er det ikkje gjort kartleggingar i kommunal regi, men det er gjort fleire regionale og nasjonale kartleggingar både på landareal og i sjø i kommunen, i tillegg til at private føretak har fått utført undersøkingar av naturmangfald i samband med konsekvensutgreiingar for større kraftlinetrasear, kraftverk etc. Kunnskapen frå desse undersøkingane skal vere tilgjengeleg gjennom naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)). Miljødirektoratet gjennomfører nye kartleggingsprosjekt årleg, og for 2026 er det via Statsforvaltaren spelt inn to område for naturkartlegging i Bremanger kommune: Gulenfjorden sør og Myklebust- og Ramsskredfjellet.



Miljødirektoratet har fått innspel om 150 område for kartlegging, så det er usikkert om våre område vert prioritert i 2026. Vi har spelt inn at området Gulenfjorden sør vi vere spesielt viktig å få kartlagt. For Myklebust- og Ramsskredfjellet skal tiltakshavar gjere kartleggingar i samband med planar for vindkraftverk.

Det vil også vere behov for å gjere ytterlegare kartleggingar i kommunal regi for å få eit heilskapleg bilete av naturen og biologisk mangfald i kommunen. Slike utgreiingar har store kostnader, og ein vil vere avhengig av tilskot for å få gjennomført kartlegging i noko omfang.

Gjennom Miljødirektoratet si tilskotsordning «Naturesats» kan kommunen søkje om tilskot til utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald. Det kan også søkjast om tilskot til kartlegging av natur/biologisk mangfald. Bremanger kan også søkje om tilskot gjennom ordninga «Tilskudd til natur- og friluftslivstiltak i områder som er berørt av landbaserte vindkraftverk», men dette er mest retta mot tiltak i randsonene til vindkraftverka. Søknadsfristen for alle desse tilskotsordningane er 15.januar, og det er difor viktig å få starta opp planarbeidet og godkjent mandatet slik at vi kan søkje om midlar innan fristen.

Planen vil bli utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova, med offentleg høyring og politisk godkjenning av både planprogram og endeleg plandokument. Prosjektleiari for planarbeidet vil vere jordbrukskonsulent Vilde Senneset, og i prosjektgruppa vil også fagleiar for skog og utmark Bjørn Henry Marthinussen og arealplanleggjarane, Inger Hilde og Håkon Welle Glomseth delta. Planarbeidet vil bli utført med eigne ressursar, men vi må leige fagkunnige til kartleggingsarbeid.

### **Vurdering:**

Arbeidet med ein kommunedelplan for naturmangfald vil omfatte innhenting og samanstilling av eksisterande kunnskap om naturtypar, geologi, landskap og biologisk mangfald. Der vi ser det er behov for ytterlegare kartleggingar må vi få innhenta pristilbod og søkt om tilskotsmidlar til slik kartlegging. Kartlegging av alt land- og sjøareal i kommunen vil vere for omfattande og kostnadskrevjande, og vi må difor prioritere område der det er aktuelt med utbyggingstiltak eller der det er sannsynleg at det kan vere spesielt viktig natur. Kor store areal vi får kartlagt vil avhenge av kva tilskot vi eventuelt kan få. Det er også mulig at vi må avgrense omfanget av planen, t.d. til berre å omfatte landareal, eller til å berre omfatte deler av kommunen, men i utgangspunktet ynskjer vi å sjå på heile kommunen, både landarealet og sjøarealet. Ei eventuell avgrensing av planarbeidet vil bli gjort før planprogrammet blir godkjent.

Ein kommuneplan for naturmangfald vil også seie noko om korleis vi skal forvalte naturmangfaldet, og skissere eventuelle tiltak for å ivareta naturverdiane våre. Vi har også ein del førekomstar av uønska artar i kommunen, og vidare kartlegging av desse og informasjon om tiltak for å unngå spreiding av slike artar vil også vere ein del av planen.

Framdriftsplanen er tilpassa målet om å ha ein ferdig godkjent plan i løpet av 2027.

### **Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:**

Det er foreslått avsett kr 1 mill. kr i investeringsbudsjettet for 2025. I tillegg vil det bli søkt om tilskot frå Miljødirektoratet, og omfanget av planarbeidet og kartleggingar vil måtte tilpassast kva tilskot vi får.